

Kommunal og regionaldepartementet  
postmottak@krd.dep.no

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2009000480-18 Saksh: Harald Jordal  
Journalpostid: 2012018778 Telefon: 53 65 40 23

Arkivkode Dato:  
K1-026, K3- 07.12.2012  
&00

## Høyring om endringar i kommunelova og i offentleglova

Eg viser til brev av 26.11.12

### Kommunelova:

Namneskifte frå innbyggjarinitiativ til innbyggjarforslag og presisering av at det er kommunestyret sjølv tek standpunkt til om forslaget har eit innhald som oppfyller krava nedfelt i kommunelova § 39 nr 3.

Ingen merknader over at det nye uttrykket innbyggjarforslag er eit meir dekkande uttrykk og at det er behov for å gjera ordninga med innbyggjarforslag meir kjent. Når vedtak er fatta vert staten oppmoda om det.

Teieplikta for revisor vert med forslaget ryddigare uttrykt. Ingen merknader

### Offentleglova § 5 : Utsett offentlegheit for revisjonsrapportar og rapportar frå statlege tilsynsmynde som fører tilsyn med kommunal utøving av lovpålagte plikter

#### Revisjon.

Vi er svært samde med vurderingane til arbeidsgruppa slik dei er refererte i rundskrivet. Det er viktig for kontroll- og tilsynsarbeid med off. sektor at rapportane som er utarbeidde er tilstrekkeleg kvalitetssikra før dei vert offentlege.

Vi ser det som heilt naudsynt at det i prosessen er dialog mellom revisjonen og administrasjonssjefen og at administrasjonssjefen sine merknader er innarbeidde i rapporten før den vert sendt til kontrollutvalet.

Rapporten bør difor ikkje vera offentleg før kontrollutvalet mottek den endelege versjonen og at dette vert slege fast i lovverket.

Når det gjeld dokument utarbeidde av statlege tilsynsmynde i saker som gjeld lovpålagt kommunal verksemd (pålegg i lov eller i medhald av lov) er desse offentlege først når kommunen har motteke endeleg versjon.

Det må difor gå heilt klart fram kva som er ein førebels rapport der tilsynsorganet innhentar informasjon / påteikning frå kommune (ikkje off. dokument) og kva som er ein endeleg rapport frå det same organet – sjå under

#### Eit levande kraftsenter

Stab  
Telefaks: 53 65 40 51  
Opheimsgata 31

Org.nr: 964 967 814  
Bankgiro: 3201.50.24584  
Innbetaling  
skatt: 6345.06.12288

Telefon: 53 65 40 00  
Telefaks: 53 65 40 51  
Epost: [epost@odda.kommune.no](mailto:epost@odda.kommune.no)

Det er og viktig å presisera at:

Reglane om utsett offentlegheit gjeld ikkje når staten fører tilsyn med kommunen når den utøver **aktørplikter** som vert definert som plikter som gjeld ein kvar aktør og ikkje er pålagte oppgåver i etter lov / i medhald av lov.

Då det lett kan oppstå forvirring undervegs i prosessen/dialogen mellom dei ulike instansane blir slikt realinnhald føreslått innarbeidd i lovteksten:

*Dokument som kommunerevisor på eige initiativ eller etter bestilling av kontrollutvalet eller dokument som statleg tilsynsmynde etter lov / i medhald av lov utarbeider og sender kommunen til uttale/ påteikning skal vera merka førebels og utsett offentlegheit etter § 5 2.led*

Venleg helsing



Ingrid H. Guddal  
Rådmann

Kopi :

Ordførar John Opdal  
Kommunestyret som melding  
Leiargruppa i Odda kommune  
Kontrollutvalet i Odda kommune  
Indre Hordaland Distriktsrevisjon